



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---------------------------------------|----------------------------|
| Sakshandsamar: Marianne Soleng | Arkivkode: FE - 033 |
| Arkivsaksnr: 18/370 | Løpenr: 18/4564 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Naturutvalet | 29.05.2018 | 005/2018 |

Faste saker

29.05.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Innkalling og saklista vart samrøystes vedteke.

Prokollen vart samrøystes godkjent.

NAT- 005/2018 Vedtak:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader

Merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen Merknader

Skriv og meldingar:

Ass.rådmann orienterte;

- Parkeringsplanen – målet var å få den opp til dette møtet, men byggesøknader og sakshandsaming vedk Skottebakken har måtte prioriterast.
- Miljø og forureining – kommunen har gjennomført ei opprydding av gamle bilvrak som er levert til opphogging. Ein person er anmeldt for ulovleg oppbevaring av biler og drift av forureinande næringsverksemd i bustadområde.
- Friområde – I badevika på Bjørkheim har kommune fått invilja søknad om at BOF tek over området og sikrar området som friområde. Det er planlagt å tilrettelegge badevika for rørslehemma med tilgang til sjø og toalett. Me har fått 532.000.kroner i statstilskot og vil søkje ytterlegare finansiering. Endeleg kostnadsoverslag og finansiering vert lagt

- fram i samband med budsjett for 2019.
- Industriområdet i Rolvsvåg - Veggen vert ferdigstilt no juni og gjev tilgang til næringsarealet i øvre del av området. Kommunen har fått selt ei av dei øvre tomtane for kr 416 537,-. Både næringsområdet og kommunen sine bustadtomtar vert no lagt ut på Finn for sal via meklar.
 - Viltforvaltning - Naturutvalet har ansvar for kommunen si viltforvaltning. Samnanger har framleis skotpremie på rev og har fått melding frå lensmannen om å klippe klør. Dette er avvikla i dei fleste kommunar og administrasjonen har i dag ikkje mottak som kan gjennomføra dette. Ordninga vert lagt fram om eiga politisk sak til hausten.
 - Overordna ROS-plan - Samnanger kommune har fått utsett frist til 1 januar 2019 til å lukke avvik om å lage overordna ROS-plan. Utsettinga skuldast mykje arbeid med kommuneplanen og etterslep på ei rekkje oppgåver i samband med tidlegare vakanse i stillingar. Arbeidet med å lukke avviket vil ta ein del av ressursane på teknisk forvaltning i haust.
 - Reguleringsplan Hagabotnane – Dokument vert lagt ut på Doffin der kommunen bestiller eit forprosjekt med 3 alternativ til vegløyning, med opsjon på regulering. Forprosjektet skal gje grunnlag for val av trase og kostnadsoversikt. Val av trase kjem opp seinast på naturutvalet i oktober.
 - Status uttale E16 og FV7. – Uttalen vert sendt ut direkte til kommunestyremøtet den 14 juni. Administrasjonen har ikkje kapasitet til å den klar til utvalshandsaming i forkant. Innspel på frå politikarar/næringsforum kan sendast til planleggar innan 5 juni.

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit (H) stilte følgjande spørsmål:

I Hagabakkane står ei gamal løe til nedfalls som kan vera farleg. Er det mogleg for kommunen å gje pålegg om sikring eller vedlikehald. Ass.rådmann orienterte om at saka vert meldt til teknisk forvaltning for oppfølging om pålegg.

Tveit ønskjer å starte drøftingar av kommunestyret sitt vedtak, der naturutvalet skal drøfte vegstrukturen og eigarskapet til vegar i Samnanger. Han bad om å få saka opp på neste naturutvalsmøte. Administrasjonen og leiar av utvalet følgjer opp dette.

Tveit ønskjer at utvalet får ei oversikt av delegerte vedtak. Med endeleg vedteken kommuneplan vert ei rekke tidlegare saker som utvalet har handsama vedteke på delegerte vedtak. Ei oversiktliste til utvalet kan gjera det enklare for politikarane å følgje med. Administrasjonen er i ferd med å digitalisere vedtak i kommunekart slik at innbyggjarane kan få innsyn. I tillegg vert det lagt opp til at naturutvalet få ei oversiktliste til neste møte.

Vidar Tveiterås (Ap) stilte spørsmål om kva sakshandsaming som er gjort og bør verte gjort ved flytting av ein bautastein på 10 meter frå Flesjande/kvernhusmarka?

Ordførar orienterte om at den skulle nyttast i eit kunstprosjekt av kunstnaren Landmark, og flyttast til Bliå på Korsfjordneset og formidle livet og verdien til æra for havets folk.

Administrasjonen orienterte om at kunstnaren har spurt administrasjonen i kommunen og at me har løyvd vekk steinen. Me ser no under desse drøftingane at denne typen saker bør verte handsama i tråd med Kystsoneplanen.

Tveiterås ønska å få protokollert at han stiller seg kritisk til uttak av ein så stor stein og meiner at likande framtidige saker bør verte handsama av planmyndighetene.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.